

Referat frå skipingsmøte i Bergen Ungdomslag Ervingen 2. mars 2005

Møtet byrja kl. 19.00. Det møtte 63 medlemmer.

Kor e` tonen opna møtet og song mellom anna gratulasjonssongen for det nye laget.

Sak 1. Velkomen/opning/samanslåingsvedtak.

Kjersti Flatråker og Eli Randmo ønskte velkomen og heldt eit kort attersyn over førebuingane til samanslåing av Bondeungdomslaget Ervingen og Bondeungdomslaget i Bergen.

Endre Brunstad helste frå Noregs Mållag.

Åge Avedal helste frå Noregs Ungdomslag.

Sak 2. Konstituering.

2.1 Godkjenning av innkalling: Innkallinga vart godkjend utan merknader.

2.2 Godkjenning av saklista: Saklista vart godkjend utan merknader.

2.3 Val av ordstyrarar: Åge Avedal og Steinar Kyrkjebø.

2.4 Val av skrivarar: Gro Vetås og Hans Nyeggen.

2.5 Val av personar til å skrive under protokollen: Eldbjørg Gunnarson og Brit Sørland.

2.6 Val av teljekorps: Lars Hjartåker og Kjell Gudmund Søholt.

Sak 3. Lagslova.

(Vedlegg)

Lova vart samrøystes vedteke.

Sak 4. Styringsføresegner.

(Vedlegg)

Det var ingen innvendingar mot strukturen i oppbygginga av styringsføresegnene. Føresegnene vart gjennomgått punkt for punkt.

Desse endringane var vedtekne:

§ 3 Årsmøtet:

Årsmøtet vel: (endring i kursiv) ”....., representant til Bygdelagsnemndi i Bergen og Kyrkjenemndi i Bergen.....” (Forslag frå Eldbjørg Gunnarson).

§ 6 Særlag og nemnder:

Under blad- og blestnemnda blir "1 redaktør av lagsbladet" stroke. (Forslag frå Steinar Kyrkjebø).

Etter teksten "Blad og blestnemnda skal utvikla og oppdatera heimesida til laget ", foreslo Øystein Ask tillegget "i samarbeid med dei ansatte". Øystein Erstad og Steinar Kyrkjebø meinte at det er unødvendig å detaljere arbeidet til dei tilsette i styringsføresegnene. Forslaget vart ikkje teke opp til røysting.

Styringsføresegnene vart vedtekne samrøystes.

Sak 5. Logo.

Astrid Sirnes la fram saka.

Det vart presentert ein figur med gul, raud og kvit farge. Teksten er i blått. Med desse fargane blir logoen også tydeleg i svart/kvitt. Årsmøtet fekk sjå fire variantar av tekst.

I tillegg kom desse framlegga til tekst:

Endre Kleiveland foreslo "BUL Ervingen".

Øystein Ask foreslo "Bergen UL Ervingen".

Lars Hjartåker foreslo at saka skal avgjerast på eit møte i laget. Framlegget fall mot 3 røyster.

Øystein Erstad foreslo å oversende saka til styret i Bergen Ungdomslag Ervingen for endeleg vedtak i rådet. Framlegget vart vedteke mot 2 røyster.

Sak 6. Arbeidsprogram 2005.

(Vedlegg)

Eli Randmo la fram saka.

Desse endringsforslaga kom fram:

1. Organisasjonen.

Styrke og vidareutvikla organisasjonen ved å:

(Nytt punkt) "arbeida for nye kontorlokale" (Forslag frå Håvard Ims). Vedteke mot 7 røyster.

(Nytt punkt) "auka samarbeidet mellom styre, særslag og nemnder og styrka bindinga til laget" (Forslag frå Stig Vaular). Samrøystes vedteke.

Styrka informasjonsarbeidet ved å:

(Nytt punkt) "bli ein meir synleg kulturskapar i Bergen ved målretta arbeid mot media" (Forslag frå Åge Avedal). Samrøystes vedteke.

2. Aktivitetar.

Endre siste punkt under korsong til:

”Synleggjera koret gjennom konsertar og samarbeid med andre kor og musikkgrupper”
(Forslag frå Ingunn Røstbø). Samrøystes vedteke.

Arbeidsprogrammet vart vedteke samrøystes.

Sak 7. Budsjett 2005. (Vedlegg)

Torgrim Ljones la fram saka.

Eli Randmo gjorde framlegg om at beløpet under ”løyvingar”, 5000 kr, skulle vera ei løyving til Noregs Mållag frå årsmøtet.

Vedtak: Årsmøtet løyver 5000 kr til Noregs Mållag.

Budsjettet vart vedteke samrøystes.

Sak 8. Medlemspengar 2006.

Framlegget i sakspapira vart samrøystes vedteke: 650 kr for vaksne, 500 kr for ungdom og studentar og 400 kr for born.

Sak 9. Orienteringssaker.

- Dei to aksjeselskapa; føremål, drift, eigedomar

Øystein Erstad orienterte om Kaffistova Ervingen AS.

Astrid Sirnes og Kåre Kolås orienterte om Lagsbruki til Bondeungdomslaget i Bergen L/L.

- Bruk av lokala og drift av Bergen Ungdomslag Ervingen.

Astrid Sirnes orienterte om tankar som har vore drøfta i samanslåingsnemnda. Emne ho kom innom, var m.a.:

Korleis fylla husa med aktivitetar på dag og kveld?

Kva har laget bruk for av lokale?

Kva skal me fylla husa med av aktivitetar?

Nye lokale i 1. høgda? (I kombinasjon med andre lag/krefter?)

Leige ut kontorlokale til andre lag med liknande kultur?

Utvide til samla 150 % stilling?

Ein person i tillegg til dei tilsette me har i dag?

Profilering.

Visjonar.

Sak 10. Innkomne saker.

Ingen saker hadde kome inn til møtet.

Sak 11. Fråsegner.

Ingen fråsegner var føreslege.

Sak 12. Val.

Stig Indrebø la fram valnemnda sitt forslag.

Steinar Kyrkjebø foreslo Øyvind Bergheim i staden for Eldbjørg Gunnarson til ettersynsfolk. Valnemnda trekte deretter forslaget sitt om Eldbjørg Gunnarson. Øyvind Bergheim vart valt for 1 år.

Eldbjørg Gunnarson meinte at ein representant til Kyrkjenemndi er for lite. Begge laga har til no hatt kvar sin representant, med vara. Evt reduksjon av talet må drøftast med styret i Kyrkjenemndi, det er eit aktivt styre der alle arbeider ved tilskipingar. Steinar Kyrkjebø foreslo at styret skal finne andre representantar til Kyrkjenemndi.

Eldbjørg Gunnarson meinte det bør veljast fleire enn ein person til Bygdelagsnemndi. Steinar Kyrkjebø foreslo at styret får fullmakt til å velja så mange representantar som me har rett til, til Bygdelagsnemndi.

Båe framlegga til Steinar Kyrkjebø vart vedtekne.

Ingen forslag på andre kandidatar til dei andre verva kom fram, og valnemnda sine kandidatar vart valde.

Utsendingar til årsmøta i Hordaland Ungdomslag, Hordaland Mållag, Noregs Mållag og Noregs Ungdomslag:

Vegard Opheim var foreslege frå valnemnda som 1. utsending til alle årsmøta, men kan ikkje møte på nokon av dei. Gro Holter kan ikkje møte på årsmøta i HU og HM. Dei andre utsendingane rykkar opp i den rekkefølga dei hadde. Ingunn Røstbø blir 12. utsending til årsmøtet i NM.

Det vart vedteke at styret utover dette har fullmakt til å spørja andre medlemmar om å vera utsendingar frå laget.

Alle vala var samrøystes.

BERGEN UNGDOMSLAG ERVINGEN 2005

Styret	Valt for	
Leiar	1 år	Vegard Opheim
4 styremedlemer	1 år	Aud Fjeld
	1 år	Eli Randmo
	2 år	Endre Kleiveland
	2 år	Gro Holter
3 varamedlemer	1 år	Håvard Ims
	1 år	Cathrine Eliassen Vikre
	1 år	Borghild M. Opdahl
Rådet		
Leiar	1 år	Frode Myhra

	1 år	Grete O. Hole
	1 år	Eldbjørg Gunnarson
	1 år	Ole B. Ekornes
	2 år	Stig Vaular
	2 år	Astrid Sirnes
	2 år	Stig Indrebø
3 varamedlemer	1 år	Kårmund Myklebost
	1 år	Oddrun Samdal
	1 år	Olav Bruflot
Folkedanslaget		
Leiar	1 år	Håvard Ims
4 medlemmer	1 år	Rigmor N. Vaular
	2 år	Ingvild Mehl
	1 år	Berit Lappegård
	1 år	Øyvind Vatshelle
Tenåringsgruppa		
3 medlemmer	1 år	Sverre M. Sundvor
	1 år	Johanna Mjeldheim
	2 år	Borghild M. Opdahl
Barnelaget		
Leiar	1 år	Ingeborg Nilsen
2 medlemmer	1 år	Vigleik Solvang
	2 år	Berit Røgelstad
Teaterlaget		
Leiar	1 år	Atle Falk
2 medlemmer	1 år	Ingrid Askvik
	2 år	Jørgen Bakken
"Gimlingane"		
2 medlemmer	1 år	Gunn Wergeland Mæland
	2 år	Laila Årdal
"Kor é tonen"		
Leiar	1 år	Gro Holter
2 medlemmar	1 år	Ingunn Røstbø
	2 år	Jørgen Bakken
Vara	1 år	Cily Samuelson
	1 år	Tone Løland
Bunadskontakt		
1 person	1 år	Grete O. Hole
Bladstyre		
Leiar	1 år	Kjell Gudmund Søholt
4 medlemmer	1 år	Øyvind Sivertsen
	1 år	Ingvild K. Vevle
	2 år	Åge Avedal
	2 år	Kjersti Langenes
Fond- og eigdomsstyret		
Leiar	1 år	Ragnar Nesdal
4 medlemmer	1 år	Torgrim Ljones

	1 år	Oddlaug Oppedal
	2 år	Arne Rasmussen
	2 år	Judit Synnes
Ettersynsfolk		
2 medlemmer	1 år	Jo Risløv
	1 år	Øyvind Bergheim
1 varamedlem	1 år	Åslaug Trageton
Valnemnd		
5 medlemmer	1 år	Siv H Erstad
	1 år	Kjersti Flatråker
	1 år	Bjørn Nesse Hunderi
	1 år	Cecilie Stemland
	1 år	Rigmor N. Vaular
Kyrkjemenndi		
1 person	1 år	Skjalg Halmøy + at styret finn folk
Bygdelagsnemndi		
1 person	1 år	Eldbjørg Gunnarson + at styret finn folk

Utsendingar, HU, 4-5. mars 2005, Rossland (me kan ha 5 utsendingar)

1. Endre Kleiveland	2. Håvard Ims	3. Atle Falk	4. Jørgen Bakken
5. Sverre Sundvor	6. Borghild Opdahl	7. Ingeborg Nilsen	Kjell G Søholt
9. Ingvild K Vevele	10. Kjersti Langenes	11.	12.

Utsendingar, HM, 12. mars 2005, Voss (me kan ha 5 utsendingar)

1. Endre Kleiveland	2. Aud Fjeld	3. Ingvild K Vevele	4. Kjersti Langenes
5. Håvard Ims	6. Kjell G Søholt	7. Øyvind Sivertsen	8. Ingvild Mehl
9. Ingvild Mehl	10. Atle Falk	11.	12.

Utsendingar, NM, 15.-17. april 2005, Tromsø (me kan ha 5 utsendingar)

1. Endre Kleiveland	2. Gro Holter	3. Aud Fjeld	4. Eli Randmo
5. Ingvild K Vevele	6. Håvard Ims	7. Kjersti Langenes	8. Sverre M Sundvor
9. Atle Falk	10. Jørgen Bakken	11. Grete O Hole	12.

Utsendingar, NU, 21.-22.juli 2005, Kirkenes (me kan ha 5 utsendingar)

1. Endre Kleiveland	2. Aud Fjeld	3. Eli Randmo	4. Gro Holter
5. Håvard Ims	6. Sverre M Sundvor	7. Borghild Opdahl	8. Ingvild K Vevele
9. Eldbjørg Gunnarson	10. Torgrim Ljones	11. Aud Vetås	12.

Eit framlegg frå Eli Randmo om utsendingar til generalforsamlinga i Kaffistova Ervingen AS i 2005, vart vedteke samrøystes:

"Utsendingar til ordinær generalforsamling i 2005 i Lagsbruki til Bul i Bergen L/L og Ervingen AS.

Fonds- og eigedomsstyret representerer laget på generalforsamlinga i Lagsbruki til Bondeungdomslaget i Bergen L/L i 2005.

Rådet i Ervingen, slik det vart vald på årsmøtet i 2004 er valforsamling for utsendingar til generalforsamlinga til Ervingen AS i 2005. Brit Sørland, tidlegare leiar for rådet i BUL

Ervingen, og fonds- og egedomsstyret i Bergen Ungdomslag Ervingen representerar laget på generalforsamlinga i 2005. Alle har tale- og forslagsrett, men Brit Sørland har røysterett for laget. Dei to generalforsamlingane gjer naudsynte vedtak i samband med samanslåinga."

Endre Brunstad overrekte gåve frå Noregs Mållag.

Eli Randmo og Kjersti Flatråker overrekte blomar og takk til samanslåingsnemnda: Gro Vetås, Stig Vaular, Ole Ekornes, Frode Myhra, Vegard Opheim, Øystein Erstad, Astrid Sirnes og Bjørn Nesse Hunderi, der Kjersti også har vore med.

Kjersti Flatråker overrekte gåve til den nye leiaren, Vegard Opheim.

Vegard Opheim hadde ordet til slutt og overrekte gåver til dei avtroppande leiarane Eli Randmo og Kjersti Flatråker.

Møtet slutta kl. 23.00

Vedlegg til referatet: Lover, styringsføresegner, arbeidsprogram og budsjett 2005

Gro Vetås

Hans Nyeggen